



Årsrapport 2017

Finnås Kraftlag SA



2017

Me e' der når nåke skjer!

Finnås Kraftlag har lagt bak seg eit travelt og godt år. Det har vore stor aktivitet i Bømlo-samfunnet, og Kraftlaget har investert betydelige beløp i straum- og fibernettet. Det er mellom anna lagt ned mykje kabel i samband med Bømlopakken, noko som vil gje oss enno betre forsyningstryggleik i framtida.

Hausten 2017 gjorde Kraftlaget eit strategisk grep ved at ein bytta 10,13% eigarskap i SKL mot 10,5% eigarskap i Haugaland Kraft AS. Gjennom eigarskapet i HK eig me framleis i kraftproduksjon, og indirekte eig me 5,6% i SKL. Det viktigaste argumentet for å gjennomføre transaksjonen var å spreie risikoen for investeringa, samstundes som me ser på Haugaland Kraft som ein god samarbeidspartnar. Eg meiner dette grepet vil vera med å tryggja framtida for Finnås Kraftlag som eige selskap.

Arbeidet med å installere dei nye automatiske målarane starta i oktober 2017, og ein ventar å vera ferdig med prosjektet før sommaren 2018. Med den nye målararen treng du å ikkje lenger lesa av og senda inn målaravlesinga di til Kraftlaget. Avlesingane vil skje på timebasis, og lagar opning for fleire nye tenester for deg som straumkunde. Alle måleverdiane skal samlast i ein stor felles database (Elhub). Dette skal gjera det enno lettare å skifta straumleverandør, og få tilgang til tenester knytt til energisparing osv. For nettselskapet vil AMS og automatisk måling bety betre kontroll over straumnettet og

forbruket. Ein vil få betre grunnlag for avgjersler om investering og drift, og kan enklare oppdage feil. Alle straumkundar i Norge skal ha fått installert ny straummålar innan 01.01.2019. Det er sagt at dette vil vera den største moderniseringa i straumnettet nokon gong.

Finnås Kraftlag står føre store utfordringar og moglegheiter i åra som kjem. Drifta må tilpassast endra rammevilkår, og frå 2021 vert det innført såkalla selskapsmesseg skilje. Me vil sjå på kva konsekvensar endringane i energilova vil få for selskapet vårt, og gjera dei nødvendige strategiske grep for å sikra eit fortsatt lokalt kraftselskap, til beste for alle innbyggjarane i kommunen vår.

Visjonen vår forpliktar: «Me e' der når nåke skjer!». Kraftlaget har som mål å yta ekstra god kundeservice. Difor er det svært gledeleg at me for 8. år på rad skårar best i kundeundersøkingar. Me er takknemlege for alle som har gitt oss verdifulle tilbakemeldingar. Dei skal me bruka til å utvikla oss til å bli endå betre.


Me går ei spennande tid i møte, men eg er overtydd om at Finnås Kraftlag har evne til å tilpasse seg den nye tida. Finnås Kraftlag har dyktige og motiverte medarbeidarar som er klar til å møte dei utfordringane me står ovanfor, og gripa dei moglegheitene som dukkar opp!

Nils Gunnar Gloppen
Elverksjef

Fakta om Finnås Kraftlag SA

Føremål

Finnås Kraftlag SA er eit allmennnyttig samvirke med skiftande medlemstal og kapital. Føremålet til selskapet er å fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet. Eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning, omsetja elektrisk energi, produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg. Eiga, byggja og driva breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyser. Driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet, delta i tiltak med allmennnyttige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde og yta gåver til tiltak med allmennnyttige føremål i konsesjonsområdet.



Medlemstal

Pr. 31.12.2017 har Finnås Kraftlag 2940 registrerte medlemmer.

Oppgjør for partmedel

Pr. 31.12. er det partar med ein samla verdi på om lag 4,3 mill. som framleis ikkje er innløyst.

Personale

Ved utgangen av året var det 29 fast tilsette og 2 lærlingar. Til saman vert dette om lag 28,1 årsverk eks. lærlingar.

Eigarskap i andre føretak

Finnås Kraftlag er medeigar i Haugalen Kraft AS med 10,5 %.

Me er ein av 27 eigarar i driftsselskapet Validør, som er oppretta for å stå for innsamling av måleverdiar ved innføring av AMS.

Grønn Kontakt er ein nasjonal operatør av eit nettverk for lading av el-bilar. Nettverket kan tilby lading i store delar av landet. Saman med 45 andre eig me Nettalliansen. Dette er eit samarbeid mellom nettselskap om fellesteneste/innkjøp. Me er også medeigar i SUN-Elsikkerhet.

Eigedomar

Administrasjonsbygg med lager, garasje,

kaldlager/ stolpelager og carport, har ei samla grunnflate på 3077 m².

Tomta er på omlag 12 da. med omlag 2 da. grøntanlegg.

Ekornsæter stasjon

Stasjonsbygget er på 117m² og utstyrt med 5 stk. 22 kV brytarfelt for utgåande linjer. Stasjonen er tilknytt fjernkontrollsystem. Deler av anlegget er eigd i lag med Haugaland Kraft.

Børøysund stasjon

Stasjonsbygget, med 3 utgåande effektbrytarfelt, stasjonstransformator og målefeld med meir, er på 150 m², inklusiv kontrollrom og hjelpeanlegg. Stasjonen er tilknytt fjernkontrollsystem. Tomta er på 2 da. Deler av anlegget er eigd i lag med Haugaland Kraft.

Fordelingsnett

Høgspennnett:

Kraftlaget hadde ved slutten av året:

- 128,7 km 22 kV luftlinjer (134,7)
- 4,5 km 22 kV hengekablar (4,5)
- 1,1 km 5 kV luftlinjer (1,1)
- 8,6 km 22 kV sjøkablar (7,6)
- 114,5 km 22 kV jordkablar (101,4)
- 2,8 km 5 kV sjøkablar (2,6)

Fakta om Finnås Kraftlag SA

Nettstasjonar:

Ved utgangen av året hadde Finnås Kraftlag 334 fordelingstransformatorar i drift, med samla yting 81.765 kVA. Transformatorane er plasserte i 318 nettstasjonar. Av desse er 37 masteanlegg. Dei resterande nettstasjonane er ulike typar kioskar, som til saman inneheld 295 transformatorar.

Lågspennnett:

Ved slutten av året består nettet av:

- 375,6 km luftlinjer, medrekna vegljøslinjer (387,2)
- 344,5 km jord- og sjøkablar (326,7)


Breibandnett

Status pr. 31.12.17

- ca. 802 km fiberkabel (742)
- 17 stk. nodestasjonar (17)
- 4802 stk. privatkundar tilknytt nettet (4666)
- 162 stk. bedriftslinjer
- 23 stk. kommunale lokasjonar

Vegljos

Ved årsskiftet er det i drift 2108 kommunale vegljøspunkt langs offentlig veg, samt 700 private vegljøspunkt. I tillegg kjem vegljøsanlegg langs fylkesveg for Hordaland Fylkeskommune. Ein mellombels avtale regulerer samarbeidet om vedlikehald av vegljøs som Bømlo kommune har økonomisk ansvar for.



Medlemskap i Organisasjonar

Laget er tilslutta KS Bedrift, Energi Norge, Opplæringskontoret HSO, Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet REN, IFER; Interesseselleskap for Energiverkene i Regionen og Bømlo Næringsråd.

Nettkundar

Ved utgangen av året var det 8 285 kundar tilknytt nettet, medrekna vegljøs og mellombelsanlegg. Nettoauken av nye kundar gjennom året er 154.

Straumprisar gjennom året

Kraftpris

Finnås Kraftlag sin gjennomsnittlege kraftpris til kundane, inkl. avgift for 2017 har vore 36,91 øre/kWh (32,25 øre/kWh i 2016).


Snittprisen i Sunnhordland var kalkulert til 40,62 øre/kWh.

Netteleige

For hushald var Finnås Kraftlag sin nettleigetariff 61 øre/kWh (64,8 øre/kWh i 2016), inkl. 16,32 øre/kWh i el-avgift og 25 % mva.

Snittpris i Sunnhordland 71,2 øre/kWh.

Summen er berekna utifrå eit forbruk på 20 000 kWh pr. år.



Energi- og effektuttak

Tabellen nedanfor viser energiuttak og effektuttak. Dei seinare åra, registrert i leveringspunktene våre, Ekornsæter og Børøysund stasjonar, samanlikna med kundemassen.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Energiuttak	155	166,4	167,7	157,5	170,98	176,6	176,3
Effektuttak	32,36	34,92	37,63	33,64	35,3	39,4	36,69
Antal nettkundar (lev.punkt)	7441	7483	7652	7794	7977	8131	8285

Oversyn over overføring

	2016	2017
Max effekt (MW)	39,4	36,69
Energiuttak (kWh)	176.588.803	176.326.826
Brukstimar (t)	4482	4 805
Samla overføring(kWh)	166 840 684	167 522 339
Samla kraftsal (kWh)	131 761 488	130 956 100
Overføringstap	9748 055	8 804 487
Overføringstap (%)	5,5 %	5,0 %

Styret si årsmelding

Styret

Styret har vore samansett slik:

Styret

Styreleiar: Torleiv Fylkesnes
Nestleiar: Anne-Beth Njærheim
Styremedlem: Ove Grønås
Styremedlem: Martin Laurhammer
Styremedlem: Eli Furnes
Styremedlem: Signe Lund Jansen
Styremedlem: Tove Lise A. Aasheim, vald av dei tilsette
Observatør frå Bømlo kommune:
Odd Harald Hovland
Observatør frå dei tilsette:
Johnny Rolfsnes

Vararepresentantar

1. varamedlem: Vermund Hjelland
2. varamedlem: Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm
3. varamedlem: Reinert Røksund

Vara for tilsette: Thomas Vespestad

Vara for kommunen sin observatør:
Morten Helland
Vara for dei tilsette sin observatør:
Rune Nesse

Generelt

Verksemda

Finnås Kraftlag sitt forsyningsområde er Bømlo kommune, med unnatak av Brandasund. Verksemda vår er retta mot nettdrift og kraftomsetning, og mot utbygging og levering av breibands-tenester til medlemmane. I føremålsparagrafen er det formulert slik:

Føremål

Finnås Kraftlag er eit allmennnyttig samvirke med skiftande medlemstal og kapital. Føremålet til selskapet er å:

- fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet,
- eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning,
- omsetja elektrisk energi,
- produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg,
- eiga, byggja og driva breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyserar,
- driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet,
- delta i tiltak med allmennnyttige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde, og
- yte gáver til tiltak med allmennnyttige føremål i konsesjonsområde

Finnås Kraftlag sel kraft berre til medlemmane sine, og andre kundar i forsyningsområdet.

Som netteigar driv Finnås Kraftlag distribusjon av kraft hovudsakleg på 22 kV-nivå og på lågspent. Mindre område er forsynt på 5kV. Høgspennet nett deler seg med ca. 55 % luftlinjer og ca. 45 % kabel.

Finnås Kraftlag sel tenestene frå Altibox, gjennom eit samarbeid med Haugaland Kraft. Desse

tenestene er svært viktige for informasjonsutvekslinga til/frå Bømlo, via TV, telefon og Internett.

Vidare drift

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av vidare drift. Styret stadfester at denne føresetnaden ligg fast.

Arbeidsmiljø og personale

Ved årsskiftet har Finnås Kraftlag totalt 30,1 årsverk, fordelt på 29 faste stillingar og to lærlingar.

Fråværsprosent: 2,3 %.

Finnås Kraftlag er IA-bedrift.

Me har eit godt samarbeid med YSST HMS-senter, som støttar oss med mange av dei lovpålagde HMS-funksjonane. Arbeidsmiljøutvalet har hatt to møter i 2017. Det er registrert eitt arbeidsuhell med personskade i 2017, og ei hending er definert som kritisk.

Likestilling

Finnås Kraftlag har som målsetting at begge kjønn skal handsamast likt. Av dei fast tilsette er sju kvinner og 22 menn. Av valde styremedlemmer er det 3 kvinner og 3 menn.

Ytre Miljø

Finnås Kraftlag er oppteken av å ta vare på det ytre miljøet i samband med fornying og nye byggingar av forsyningsveggar. Me søker å finna løysingar som er skånsame mot naturen og busetnaden. Ein tek også omsyn til mogleg helserisiko knytt til straum og kraftlinjer.

Kraftlaget har etablert faste rutinar for avfallshandtering, med kjeldesortering av papir, transformatorar, elektroteknisk utstyr,

Styret si årsmelding

oljeavfall, kabel- og leidningsrestar, trevirke, batteri, datautstyr, osv. Alle anleggsområda vert rydda for alt materiell etter at arbeidet er avslutta.

Krafttransformatorar inneheld olje. Ved havari på transformatorar kan det skje lekkasje til naturen. Me har ikkje hatt slike hendingar i 2017.

Samarbeid med andre verksemdar

Gjennom mange år har me vore tilknytt driftssentralen på SKL. Dette samarbeidet bidreg godt til effektiv drift og overvaking av kraftnettet vårt. IFER-samarbeidet har vore ein viktig møtestad og eit viktig organ for oss mindre kraftlag. Gjennom denne fellessatsinga kan me oppretthalda høg kvalitet på tenestene våre ovanfor kundane. Det viktigaste tema i 2017 har vore samarbeidet om AMS.

I 2015 gjekk Finnås Kraftlag inn som eigar i Nettalliansen. Dette er eit kompetanse- og innkjøps-samarbeid for små og mellomstore nettselskap som har som mål å ivareta eigarane sine interesser gjennom å etablera konkurransedyktige og attraktive fellestenester. Samarbeidet i Nettalliansen vert etter kvart viktigare.

Deler av tilsynsoppgåvene vert utført i eit samarbeid med SUN-Elsikkerheit, og Haugaland Kraft hjelper oss med naudsynt brannetterforsking.

Informasjon

Også for 2017 sendte me ut kraftkalenderen, som er ein informasjonskalender med informasjon om el-tryggleik- og påminning om avlesingsdatoar til kundane våre. Kalenderen var rikt smykka med flotte bileter tekne av kundane våre. Kalenderen har fått god mottaking hos kundane våre.

Finnås Kraftlag er aktive på Facebook. Dette har vist seg å bli svært godt mottatt av kundane våre. På Facebook når me ut til mange, og det er ein viktig informasjonskanal i beredskapssamanheng. Me nyttar også SMS til å nå ut med informasjon i samband med straumstans.

Samfunnsengasjement

Dei siste 15 år har Kraftlaget støtta lag og organisasjonar på Bømlo med omlag kr. 37 mill., utdelt som allmennnyttige gåver. I tillegg kjem sponsoravtaler.

Finnås Kraftlag har i år hatt sponsoravtale med Bømlo Teater, og støtta fleire andre lag med sponsormidlar.

Om drifta

Nettdrift

I løpet av 2017 er kabelanlegget langs ny Fv 542 Stokkabekken - Siggjarvåg fullført, og fire nye nettstasjonar langs vegen er sett i drift. Det er og sett i drift ny kabel som erstatning for 22 kV luftlinje over Ekornsåter mot Våge, ny innmating til nettstasjon Ekornåsen, og ny innmating og kiosk i Foldrøy-feltet. Kring Foldrøy er det no tosidig innmating til dei fleste nettstasjonane.

Kabelanlegget mot Vorneset er fullført, Nettstasjonane Våge nord og Steinsvåg er komne på bakken, og den gamle luftlinja er riven. Kabelanlegget i samband med ny Fv 542 i Røyksund er sett i drift, nettstasjon Røyksund sør er flytta, og høgspenlinja er riven over sjøen. Ein ny nettstasjon er sett opp i Melkevik, og ein nettstasjon er montert for bustadfeltet Langholmmarka ved Rubbestadneset. Her er og luftspennet over indre Stongarvågen erstatta med sjøkabel.

Stønad frå Enova, har ført til auka etterspurnad etter landstraumanlegg. På Hovlandshagen vart den gamle nettstasjonen erstatta, og utvida med ein transformator. På Zahlahuset vart det sett opp ein ekstra nettstasjon. Hå Los Marine på Rubbestadneset vart det etablert to nye nettstasjonar.

Kabelanlegget Tverråno – Svortland Sør er sett i drift. Nettstasjon Leite er skifta ut og modernisert.

Me hadde ein netto tilgang på driftsette høgspenkablar på 13,1 km, medan netto avgang på høgspenlinjer er 6 km.

Lågspennettet er bygd om og forsterka i dei kinsane der det er sett inn nye nettstasjonar.

Anlegg under arbeid, planar

Arbeidet med driftsetjing av kabelanlegg og nettstasjonar i samband med veganlegget Fv 541 Hestaneset – Løvegapet er godt i gang, og i løpet av våren skal det vera klart for demontering av luftanlegg frå Hestaneset til Vika, og avgreininga mot Holme.

På Rubbestadneset medfører etablering av Unitech sine anlegg trong for utvidingar og renovering i eksisterande anlegg.

Bremnes Seashore utvidar bygningsmasse og aktivitet. Dette krev flytting av nettstasjon Kvednavik, og auke i trafokapasiteten.

Planlagt elektrifisering av ferja Langevåg – Buavåg, vil medføre forsterkingar og nybyggingar i nettet på Langevåg. Det er truleg naudsynt å starta arbeidet med dette i år.

Driftsavbrot

I 2017 vart det registrert til saman 13 hendingar som førde til utilsikta driftsavbrot. To av desse var kortvarige ($t < 3$ min), den eine skuldast ei utilsikta

Styret si årsmelding

rørsle nær koplingsanlegg, og den andre truleg fugl i luftledingsanlegg. To hendingar gav utkoplingar i større område, ein kabelfeil på Rubbestadneset, og ein dobbel kabelfeil på Bremnes-avgangen. Det var to trafohavari grunna lyn, eitt havari i overspenningsvern, tre feil i brytarar, og to havari i høgsponentsikringar.

Nettselskapa er underlagt KILE-ordning. KILE er ei kompensasjonsordning for kostnad med ikkje levert energi, og gir eit bilete av kor mykje avbrot ein har hatt i nettet. I 2017 hadde Finnås Kraftlag ein Kilekostnad på 0,80 MNOK mot 1,26 MNOK året før.

Kilekostnaden kan fortelja noko, men er ikkje ein fullgod indikator på leveringstryggleik og tilstand i nettet vårt. Til dette nyttar ein primært avbrotssindikatorane SAIFI (avbrot pr. sluttbrukar gjennom året) og CAIDI (lengda på avbrot pr. sluttbrukar). SAIFI har gått ned frå 1,4 til 1,1, medan SAIFI er 47, som i 2016. Dette er verdiar godt nede på skalaen i landssamanheng. Finnås Kraftlag har eit godt og relativt nytt straumnett målt mot bransjen elles.

Nettleige

Finnås Kraftlag si totale nettleige (ved forbruk på 20 000 kWh) i 2017 var 61 øre/kWh, inkl. 16,32 øre/kWh i el-avgift og 25 % mva.

Rabatt

Etter budsjettert inntektsramme var det lagt opp til ein rabatt til kundane på 2 øre/kWh eks. mva. På grunn av stor auke i overføring og endringar i inntektsramma grunna endra avskrivingstid vart endeleg rabatt 0,4 øre/kWh eks. mva.

Breiband

I 2017 vart 248 nye lokalitetar knytt til fibernettet vårt. Me har no totalt 4 802 privatkundar tilslutta fibernettet. Saman med Haugaland Kraft og andre kraftlag rundt oss, er det no passert 40 000 private kundar kopla til fiber. Me opplever eit jamt tilsig av nye kundar, både frå fritids- og einestader. Det er tydeleg at internett er viktig også i fritidsbustader, og me har no tilkopla over 600 fritidshus i nettet vårt. Når ein ser på tal frå Statistisk Sentralbyrå, ser ein at Finnås Kraftlag no leverer internett til 91% av alle innbyggjarar i Bømlo Kommune som har fast tilknytning.

Me ser ei auka interesse for større internett-hastigheiter til private kundar, og me har mange kundar som har 300Mb internett-hastigheit heim til seg. Den vanlegaste pakken me sel i dag har Altibox sin nye tv-pakke, og 80Mb internett hastigheit.

Altibox lanserte i 2017 ein ny tv-portal, med mange nye spennande muligheiter. Våre kundar kan no sjølv leggje til og trekke frå tv-kanalar, basert på eit poengsystem. Noko som gjer at enkelte faktisk får ein rimelegare tv-pakke, der dei før måtte kjøpe

tilleggspakkar. Alle kundar som går over til den nye tv-portalen får også muligheit for å «spole» tilbake 7 dagar på tv-kanalane, dersom det skulle være eit tv program dei ynskjer å sjå, som har gått tidlegare. Den nye tv-løysinga i kombinasjon med ny App, gjer det også mogleg å sjå på opptaka/starte opptak på alle einingar, som for eksempel tv-dekodar, mobiltelefon og nettbrett.

Me ser at vanleg «fasttelefon» er i nedgang, men fortsatt er det ca. 39 % av våre kundar som beheld den tradisjonelle telefonen sin heime, av ulike grunnar. Fleire argumenterer med dårleg mobildekking, og at det er ein telefon som alltid er på «plass».

Kapasiteten for breiband-nettet inn og ut av øya er for tida 40 Gb begge vegar. Bruken aukar stadig, men me har mykje å gå på enno. Kapasitetsbruken har gjennomsnittleg auka med ca. 3Gb siste år. Den vert nøye overvaka, slik at me kan utvide denne ved behov. Me har også ved fleire høve testa at vår automatiske flytting av datatrafikk, ved for eksempel planlagt vedlikehald i fibernettet, fungerer utmerka.

Drift av fibernettet

Fibernetet har vore stabilt og utan særlege feil eller skadar i driftsåret. Nokre mindre kablar er blitt skada av gravemaskinar, og berre eit avgrensa tal kundar har blitt skadelidande.

Dei siste åra har me røynt ein ny form for truslar mot systema våre i form av DDos angrep (internett angrep). Desse angrepa skadar ikkje dei fysiske anlegga, men gir dårlegare tenester over kortare tidsrom på 2 til 30 minutt for ein eller fleire kundar. Utfordringane som desse angrepa forårsakar, blir handtert av Altibox i Stavanger. Her er det monterte eit nytt system, som handterer desse angrepa slik at det sjeldan er til bryderi for private kundar.

Plan for 2018

Me ser at kundepågangen frå nye kundar no minkar. Dette har samanheng med at me har bygd ut i nær sagt den minste krik og krok. Me reknar med ca. 200 nye tilkoplingspunkt i 2018, og då i hovudsak nye hus/leilegheiter og fritidsbustader. Det er eit mål å ha så mange tilkoplingspunkt som mogleg med aktive abonnement til ei kvar tid. Dei nye veganlegga i Bømlo-pakken stiller krav til oss med tanke på planlegging og installering av nye føringsveggar for fibernet. Nokre av dei nye røyranlegga i vegane vert no tekne i bruk. Enkelte fiberkablar må skiftast ut grunna behov for auke av kapasitet. Dette er ei utfordring med dei mannskapa me har tilgjengeleg, og me må leige inn noko ekstra personell.

I samarbeid med dei andre breibandselskapa i regionen, arbeider me kontinuerleg med utvikling av reserve forsyningsveggar for breiband. Dette kjem alle kundane i regionen til gode.

Styret si årsmelding

Kraftomsetnad

Finnås Kraftlag sel forbruksveid spotpris med påslag, kalla «Kraft til innkjøpspris», eller til fastpris. Året tok til med ein spotpris på 27,8 øre/kWh. I veke 48 var spotprisen den høgaste for året med 36,4 øre/kWh. I veke 23 var spotprisen lågaste for året med 16,7 øre/kWh. Spotprisen var gjennomsnittleg for heile året på 26,9 øre/kWh mot 23,4 øre/kWh i 2016, noko som må reknast som ein normal kraftpris.

Fjernvarme

Finnås Kraftlag har varmeanlegg i byggefeltet på Stavlandsneset, i Bygdatunet og i Bømlo Kulturhus.

Det lokale el-tilsyn, DLE

DLE har i 2017 gjennomført tilsyn med bustader, naust, hytte og verksemdar. Kontrollane som vart utførte retta seg mot nyanlegg og periodiske kontrollar, samt revisjonar/verifikasjonar av verksemdar. Deler av tilsynsoppgåvene vart utført i eit samarbeid med Sun Elsikkerhet.

Totalt vart det utført 409 tilsyn ved nye/periodiske bustadar, rorbuer, naust og hytter. Det har også vore utført 14 revisjonar og 79 verifikasjonar. Totalt er det 7786 tilsynsobjekt under det lokale eltilsynet i vårt område.

Det har vore 10 brann/tilløp til brann i bygningar som er meldt til brannvesenet i 2017. Til samanlikning var det 13 brann/tilløp til brann i bygningar som vart meldt til brannvesenet i 2016. DLE ved Finnås Kraftlag nyttar seg av Haugaland Kraft sin spesialkompetanse ved brannetterforsking.

Informasjonsarbeid

Ved bustadkontrollane vart det utdelt brosjyrar med elsikkerhet som tema. Det vart også gjeve informasjon undervegs i kontrollen om bruk og vedlikehald av elektrisk utstyr, samt informasjon om heimesida til Finnås Kraftlag der ein finn elsikkerhets-portalen.

DLE deltar også aktivt med ulike verkemiddel for å bidra til auka el-tryggleik. I samband med dette har DLE prosjekt/aksjonar saman med DSB, Brann/Feiarvesen. Eksempel på dette er «Aksjon Bustadbrann», «Brannvernets Dag» og «Komfyrvaktkampanjen». Det er også gjennomført informasjon om elsikkerhet ut mot skular i Bømlo Kommune.

Energimålarar

I 2017 er det satt opp 161 energimålarar i nye anlegg. Det er samstundes skifta målarar i 66 eksisterande anlegg.

AMS prosjektet

Finnås Kraftlag er med i SORIA-prosjektet om nye automatiske målarar saman med 26 andre selskap. SORIA-prosjektet vart lagt ned 30.september. men ein del av funksjonane SORIA hadde, er vidareført i Valider. Me har tett samarbeid med IFER selskapa om innføring av AMS. Etter lang tid med førebuing starta OneCo utrulling av nye målarar hos oss 27. november. OneCo gjer ein god jobb både med booking-prosessen og montørane som er ute hos kundane. Fram til 31.12.17 bytta dei 1425 målarar. Me brukar ein del ressursar på å sjekke data og montasje.

Styret si årsmelding

Framtidig utvikling

Kraftbransjen står ovanfor store utfordringar med endringar i rammevilkår og auka konkurranse. Det er svært viktig at me er offensive og utviklar oss vidare. Arbeidet med digitalisering og målretta forbetningsarbeid må halda fram. Me må ha fokus på å redusere kostnader, samtidig som me skal ha fokus på å oppretthalde god kundeservice. Me skal framleis «vera der når nåke skjer!»

Reiten-utvalet kom med sine tilrådingar om «eit betre organisert straumnett», og 17. mars 2016 vedtok Stortingsfleirtalet å innføre selskapsmesse- og funksjonelt skilje. Etter iherdig arbeid frå bransjeorganisasjonar og andre, gjorde stortinget retrett, og 16. mars 2018 vedtok Stortingsfleirtalet at alle energiselskap med mindre enn 30.000 kundar ikkje må ha funksjonelt skilje. Dermed unngår småselskapa kravet om selskapsmessigskilje som ville vore unødvendig fordyrande. Kraftlaget må tilpassa seg det nye kravet om selskapsmesse- og funksjonelt skilje innan år 2021.

Styret har gjennom strategiarbeidet konkludert med at Bømlø-samfunnet er best tent med å ha eit eige lokalt e-verk. Fokus framover blir å setja i verk interne forbetringstiltak for å redusere kostnadane og betre innteninga. Skal me lykkast med dette vil det vera viktig å hente ut stordriftsfordeler gjennom å samarbeide med andre. Det er svært viktig at me greier å halde nettleiga på eit fornuftig og akseptabelt nivå samanlikna med resten av bransjen.

Eigarskapet i Haugaland Kraft AS er svært viktig for Finnås Kraftlag. Det er naturleg å ha eit nært samarbeid med dei. Det same gjeld samarbeid med Nettalliansen.

Bransjen står også ovanfor store teknologiprojekt. I februar 2019 skal det etablerast ein felles norsk data-hub for måleverdiar. Dette vil bety store endringar for nett- og kraftselskap i Noreg. Alle selskap må endra sine system og prosessar rundt måleverdiar, kundeadministrasjon og avrekning. I tillegg har myndighetene vedtatt at det innan 01.01.2019 skal etablerast avanserte måle- og styringssystem, AMS, hos alle straumkundar i Noreg. Alle våre kundar vil få installert ein ny strømmålar i heimen sin. Arbeidet med installasjon av nye målarar starta i november 2017 og skal vera ferdig innan utgangen av 2018. Det er venta auka krav til kundeservice i samband med AMS, og nettselskapa må truleg bruka meir ressursar på å følgje opp og tilpassa seg eit detaljert regelverk.

Samla sett vil alle desse endringane stilla store krav til oss som selskap, og påverka kvardagen vår i tida som kjem. Korleis den nye kvardagen vil bli for Finnås Kraftlag er ikkje lett å vita noko om. Det er likevel sikkert at ein del av arbeidsoppgåvene våre vert endra. Me fylgjer utviklinga nøye framover.

På driftssida er det stor aktivitet og det er forventet endra behov for nett-investeringar i åra som kjem. Omkring 1980 starta eit omfattande arbeid med fornying av kraftnettet vårt. Dette arbeidet har stått på kontinuerleg sidan. Framleis står noko av det gamle høgspennetettet frå utbyggingstida att. Ei fornying av dette nettet vil ha høg prioritet.

Vegprosjekta i Bømlø-pakken vil framover krevja investeringar i nettet vårt. Dei nye vegtraseane følg linjene våre stadvis, og der det er naturleg byggjer me om og legg linjene i kablar i veganlegget. Ei slik omlegging gir òg eit sikrere straumnett med tanke på lyn og storm. Mange vil sei det også er ein miljøgevinst at linjene forsvinn.

Ein ser også ein trend med aukande effektuttak. Stor auke i talet på el-bilar og varmepumper påverkar utviklinga i effektuttaket og medfører nye utfordringar for nettet.

Auken i breibandskundar krev stadig utviding av breibands-nettet og nodar. Fibernettet ser ut å konkurrera inn i framtida. I løpet av 2018 vil Finnås Kraftlag også tilby smarthus tenester. Det blir spennande å sjå korleis dette vert mottatt i marknaden.

Samfunnet er heilt avhengig av ein robust energiforsyning og breiband. Sjølv om me opplever ei jamn betring i forsyningstryggleik er ein blitt meir sårbar for avbrot. I framtida vil me truleg også oppleve auka utfordringar knytt til vær og klima. Dette betyr eit auka krav til beredskap. Dette er forhold som selskapet vil ha stort fokus på framover.

Styret si årsmelding

Rekneskap

Styret meiner den framlagde rekneskapen er dekkande for selskapet si stilling og resultat pr. 31.12.17.

I 2017 var Finnås Kraftlag sine driftsinntekter 148,4 MNOK mot 146,3 MNOK i 2016.

I 2017 har Finnås Kraftlag byta alle sine aksjar i SKL AS mot aksjar i Haugaland Kraft. Aksjane i SKL var, i tråd med rekneskapsreglar, bokført til opphavleg verdi (kostpris) 82 MNOK. Verkeleg verdi var 638 MNOK. Som følgjer av at aksjar i SKL vart realisert og midlane brukt til å kjøpa nye aksjar i HK oppstod det ein rekneskapsmessege gevinst på 556 MNOK som er bokført i 2017.

Driftsresultat for 2017 vart 9,8 MNOK mot 12,7 MNOK i 2016. Årsresultat før skatt vart 577,4 MNOK og resultat etter skatt 576,2 MNOK. Trekk ein ut gevinst for sal av aksjar i SKL, hadde selskapet eit årsresultat på 20,2 MNOK, mot 13,1 MNOK i 2016.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fastset inntektsramma (IR) for nettverksemda. For 2017 var denne 41,4 MNOK. Til samanlikning var IR 48,8 MNOK i 2016. Selskapet har i 2017 hatt mindreinntekt (rabatt) på nett på 0,6 MNOK. Mindreinntekta for 2017 er avskriven. Alle kraftkundar får tilbod om å kjøpe kraft til innkjøpspris.

Selskapet har i 2017 endra avskrivningstid på nettanlegg frå 30 til 40 år. Som ein konsekvens av dette er avskrivningane redusert med 3,2 MNOK i høve til om ein hadde nytta tidlegare års levetid. Selskapet har i 2017 nedskrive verdien av alle fjernvarmeanlegg til null. Samla nedskrivning 3,2 MNOK.

I 2017 har selskapet investert 39 MNOK i varige driftsmidlar. Pr. 31.12.17 er varige driftsmidlar bokførte med 304 MNOK.

Selskapet har ein total kapital på 1 019 MNOK og egenkapital på 869 MNOK. Dette gir ein egenkapital-andel på 85%

Styret sitt framlegg til resultatdisponering:

Overskot for 2017 er kr. 576 236 772,-.

Resultatdisponering

Føreslått utdelt allmennyttige gåver	1 462 000
Overført til annan egenkapital	569 774 772
Avsett til kjøpsutbytte medlemmer *	5 000 000
Sum disponeringar	576 236 772

Styret føreslår at fylgjande allmennyttige gåver vert gitt:

Gåvefond disponert av styret	1 000 000
Flimmerfilm- dokumentarfilm om H. Haldorsen	324 000
Moster Grendautval – universelt utforma sti	30 000
Bømlo Kulturhus – lyd del 2 storesal	108 000
Sum gåver	1 462 000

For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:








Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gong. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved oppstart og resten når prosjektrekneskap er lagt fram.

* Styret foreslår at årsmøtet gir administrasjonen pålegg om å gjennomføra etterbetalinga (kjøpsutbytte) til medlemmene, fordelt etter medlemmene si omsetning med kraftlaget gjennom 2017. Administrasjonen skal sørge for at etterbetalinga skjer i samsvar med samvirkelovas reglar.

Styret si årsmelding

I styret for Finnås Kraftlag SA

Bremnes 11.april 2018

 Torleiv Fylkesnes Styreleiar	 Anne-Beth Njærheim nestleiar	 Eli Furnes styremedlem	 Signe Lund Jansen styremedlem
 Martin Laurhammer Styremedlem	 Ove Grønås styremedlem	 Tove Lise A.Aasheim styremedlem	 Nils Gunnar Gloppen dagleg leiar

Årsrekneskap 2017

Resultatrekneskap

NOTAR	DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2017	2016
1	Energisal	39 209 776	34 417 779
1	Overføringstariffar	56 966 144	61 124 006
1	Inntekter breiband	47 650 307	46 854 505
	Annen driftsinntekt	4 598 843	3 917 875
	Sum driftsinntekter	<u>148 425 071</u>	<u>146 314 164</u>
	Aktivering investeringar	-7 845 026	-6 034 214
	Energikjøp	36 255 897	31 927 850
	Overføringskostnad	20 900 060	17 813 621
	Varekjøp breiband	22 741 098	23 339 220
	Anna varekjøp	3 926 999	4 691 837
2, 8	Lønskostnader m.m.	27 680 304	26 616 749
4	Ordinær avskrivning	16 151 245	19 424 089
4	Nedskrivning av driftsmidlar og immaterielle driftsmidlar	3 178 054	0
3	Annen driftskostnad	15 589 866	15 867 291
	Sum driftskostnader	<u>138 578 496</u>	<u>133 646 444</u>
	Driftsresultat	<u>9 846 574</u>	<u>12 667 721</u>
	FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
14	Renteinntekt	323 300	695 022
15	Andre finansinntekter	568 577 085	4 269 723
14	Verdiauke markedsbaserte omløpsmidlar	369 997	0
12	Rentekostnad	1 742 469	1 939 061
14	Realisert tap markedsbaserte omløpsmidlar	12 981	214 623
	Resultat av finanspostar	<u>567 514 932</u>	<u>2 811 062</u>
	Ordinært resultat før skattekostnad	<u>577 361 506</u>	<u>15 478 783</u>
10	Skattekostnad på ordinært resultat	<u>1 124 734</u>	<u>2 388 522</u>
	Årsresultat	<u>576 236 772</u>	<u>13 090 261</u>
	OVERFØRINGAR		
7	Føreslege utdelt til allmennnyttige føremål	1 462 000	2 673 000
7	Overført annen egenkapital	569 774 772	10 417 261
7	Avsett til kjøpsutbytte medlemmer	5 000 000	0
	Sum overføringar	<u>576 236 772</u>	<u>13 090 261</u>

Årsrekneskap 2017

Balanse pr. 31. desember








NOTAR	EIGA	2017	2016
	Anleggsmidler		
	Varige driftsmidler		
4, 12	Bygninger	11 807 311	12 178 651
4	Distribusjonsnett, fjernvarme, målare	193 748 974	166 585 079
4	Fibernet og utstyr	75 882 036	75 014 534
4	Øvrege driftsmidler	4 921 678	5 646 078
4	Anlegg under arbeid	17 668 946	24 849 422
	Sum varige driftsmidler	<u>304 028 945</u>	<u>284 273 764</u>
	Finansielle anleggsmidler		
5	Aksjar	640 676 906	83 359 426
	Sum finansielle anleggsmidler	<u>640 676 906</u>	<u>83 359 426</u>
